



# Eventus

## Barnehage AS

Årsplan for barnehageåret  
2024 - 2025

Del 2:

## EVENTUS VALEN BARNEHAGE

PROFESJONALITET – RAUSHET – LIDENSKAP

Versjon: 2024.11  
Foto av: Remi Kaldhusæter

# Velkommen til barnehagen vår

Valen barnehage opna 22. oktober 2012. Me er ein heiltidsbarnehage med plass til 125 barn frå 0 – 6 år fordelt på 5 avdelingar. Avdelingane som er i bruk kommande år er Månetoppen 3 – 6 år, Tiriltoppen 2-3 år, Trollskogen 0 – 3 år og Mummidalen 0 – 3 år. I oktober 2021 fekk me nye eigagar som er Eventus barnehage. Eventus barnehage eig og driv 12 barnehagar. Sjå del 1. Alle Eventus barnehagane er natur – og friluftsbarnehagar.

Eventus Valen barnehage er «barnehagen mellom fjord og fjell», og me ligg fint til på Valen med utsikt over sjøen. Me er ein natur- og friluftsbarnehage, og me bruker store deler av dagane ute. Me har eit stort uteområde som er utfordrande og spennande med både tre, klatrevegg og ulike apparat som er godt tilrettelagt for variert bevegelse.

I nærmiljøet vårt har me skog, mark og sjø, og turmåla våre er dermed varierte. Hatlane, Velteplassen, Postvegen, Tarzanløypa og Sjukehusparken er flittig brukte turmål.

På Valen har me garden med kyr og kalvar, og me har Valen Ranch der hestane går ute. Næraste nabo er Valen skule der me er på besøk i Valeparken og på skuleplassen.

Me er heldige som har ein flott gymsal med masse forskjellig utstyr i barnehagen. Der har me balansebommar, ribbevegg, store puter og anna utstyr, i tillegg til ei Smartboardtavle.

Mykje av den pedagogiske verksemda i barnehagen skjer ute, enten ute på leikeplassen eller på turar rundt omkring i nærmiljøet. I naturen får barna gode opplevelingar og erfaringar, og me ynskjer at barna skal bli glade i å ferdast i naturen og lære å ta vare på den.

Barnehagen har eigen lavvo nede ved stranda, som avdelingane brukar ofte. Der har me eiga strandlinje der me kan leite etter krabber og skjell. Avdelingane har heildagsturar til lavvoen, og då er det godt for dei minste å ta seg ein kvil i lavvoen eller i ei hengekøye.

Me har òg eigen minibuss som gjer at me kan oppleve mange forskjellig turmål rundomkring i kommunen vår. Minibussen er svært populær blant barna, og dei gler seg alltid til dei skal på tur.

Alle måltid blir servert i barnehagen. Kvar avdeling har eit varmt måltid i veka, og middagen kan like godt vere laga ute på bålpanna som inne på kjøkkenet. Me legg vekt på sunt kosthald og gode, varierte matopplevingar.



## Vaksne og deira rolle i Eventus Valen barnehage

*Personalalet skal sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhørsle i barnehagen.*

(Rammeplanen, s. 20)

Eventus Valen barnehage har eit mangfaldig personalet med dagleg leiar, barnehagelærarar, fagarbeidar og pedagogiske medarbeidarar. Personalet viser at dei bryr seg om barnet og møter det som eit subjekt.

Dei vaksne er barna sin trygge base som dei søker til. Dei anerkjenner barnet og tar barnet sine uttrykk på alvor, og bekreftar at dei forstår det barnet vil kommunisere. Personalet er tydeleg til stades og støttar barnet i deira aktivitet, trivsel, utvikling og deltaking i fellesskapet.

### Dialog

- Vis at du bryr deg
- Juster deg
- Snakk hyggeleg om det den andre gjer eller er optatt av
- Gje ros og anerkjennung
- Ha felles fokus
- Gje meinung
- Sett positive grenser

Eventus Valen brukar samspelsmetoden Dialog i møte med barnet. Dialog er eit pedagogisk arbeidsreiskap for å sikre oss ein god relasjonskompetanse.

### Vaksenrolla:

- Dei vaksne skal vera rause omsorgspersonar.
- Dei vaksne deltar aktivt i kvardagen, og bygger gode og varme relasjonar. Dei vaksne anerkjenner og bekreftar barna, og legg til rette for god samhandling og læringsituasjonar.

Me brukar relasjonen til barnet som eit verktøy, som trøyst, godheit og hjelp til å regulere følelsane deira. Barn har ikkje ei medfødt evne til å regulere følelsane sine sjølv, dette må dei lære. Me må støtta barnet til dei klarar det sjølv.


Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med eigne og andre sine følelsar.

## Vaksenrolla:

- Dei vaksne skal hjelpe barna til å mestre kvardagen, når barnet visar alle følelsar.
- Dei vaksne anerkjenner følelsane, bekreftar og set ord på følelsane.
- Dei vaksne skal vere ein trygg voksen, som hjelper barnet å møte nye utfordringar og hjelpe dei med å handtere livet.
- Toleransevindaugen nytta me bla., når barnet er utrygt og stressa. Toleransevindaugen beskriv korleis den vaksne skal møte eit barn som er t.d., utrygg, på ein god måte.

**Toleransevindaugen** er ein enkel og nyttig modell for å forstå at vi kan kjenne på mykje spenning og følelsar i kroppen – eller på den andre sida, mangla energi og ikkje kjenner nokon ting. Vi menneske har det best når vi er inne i vindaugen, ikkje over eller under.

*Det viktigaste først: Alle mennesker blir redde og usikre innimellom. Det er heilt menneskeleg, det er heilt naturleg, og det er heilt normalt!*



Illustrasjon: Therese Klokset, RVTS Sør,  
hentet fra <https://rvtssor.no/aktuelt/402/toleransevinduet-for-barn/>

# Leik, og leikens plass i vår barnehage.

*Leik er ein kvar oppførsel, aktivitet eller prosess satt i gang, styrt og struktureret av barna sjølv; den finn stad kor og når moglegheitene oppstår. (...) leik i seg sjølv er ikkje-obligatorisk, drevet av indre motivasjon og føretatt for si eiga skyld, snarare enn som eit middel til eit mål. Dei viktigaste kjenneteikna ved leik er moro, usikkerheit, utfordring, fleksibilitet og ikkje-produktivitet.*

(FN, 2013)

I Eventus Valen har leiken ein sentral plass i barnehagekvardagen og me anerkjenner leikens eigenverdi.

Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barnas eigen kultur. Leiken i barnehagen skal vere frivillig, indremotivert, lystbetont og ha ein sterk eigenverdi for barna der leiken er eit mål i seg sjølv. Leiken gir barna moglegheit til å sjølv få ei oppleving av å ha kontroll og ta eigne initiativ. Leik gir barna ei sterk oppleving av

freiheit og moglegheit for utfaldning. Gjennom leiken utviklar barna motoriske ferdigheitar, språk og sosial kompetanse, som er grunnmuren for den vidare utviklinga for barna. Gjennom leiken bidrar barnehagen til at alle barn opplever glede, humor, spenning, engasjement og trivsel.

Barna i Eventus Valen barnehage vil bruke mykje av barnehagedagen ute, både på uteleikeplassen men også utanfor barnehagens område, ute i naturen.

Uteleikeplassen er tilrettelagt for alle aldersgrupper i barnehagen og bidrar til god progresjon. På playtoppen for dei yngste har me leikeapparat som disser, gynge, sklier og klatrestativ som er tilpassa dei minste barna. På playtoppen for dei eldre barna er det større disser, balansebenkar og eit høgare klatrestativ med sklie og ulike utfordringar. Me har også fleire sandkassar og ei sjørøverskute som barna likar å leike i. Terrenget på uteleikeplassen er variert med bakkar med ulik helling, store steinar som er utfordrande å balansere på, buskar og trær til å gøyme seg bak og forskjellig underlag av sand, steinar og gras.

Me har også mange ulike turmål me går for å leike i, blant anna til lavvoen vår. Der innbyr området til ny leik i ulendt terreng med naturmaterial som rekvisittar. Her legger me blant anna til rette for den viktige, riskofylte leiken og balanserer, klatrar og utfordrar oss i saman med barna. Me brenn bål, leikar med vatn og hjelper barna inn i ein fantasiverden med naturen som leikeplass.

For å ta vare på barnas leikebehov

- Skal me legge til rette for pedagogiske og innbydande leikemiljø som inspirerer til leik både ute og inne.
- Skal me inspirerer til og gi rom for ulike typar leik
- Skal me ha tilgjengeleg leikemateriell i barnas høgde.
- Skal me deler oss i mindre grupper for å legge til rette for gode relasjoner og vennskap
- Skal me observerer barna og legge til rette for deira medverknad i leiken
- Skal me vere engasjerande vaksne, som er med i leiken og rettleier ved behov



# Barnehagens møte med naturen som leik- og læringsarena

Eventus Valen er ein natur- og friluftsbarnehage, og for oss er det viktig å legge til rette for gode og lærerike sanseleige opplevingar ute i naturen saman med barna. Med denne bakgrunnen var det naturleg for oss å fortsetje med satsingsområdet vårt «Med naturen som leikeplass».

Årets satsingsområde er «Med naturen som leikeplass»

På turane våre ynskjer me å legge meir vekt på glede av å lese og å sjå i bøker, og i den samanheng kjem begrepet litteratur inn. Det vil sei at på turane våre vil me ha med oss bøker og bilde av ulike slag. Det kan vere laminerte bilde, faktabøker, bøker barna kan lese i eller bøker dei vaksne kan lese under ei samlingsstund eller under måltidet. På denne måten ynskjer me at barna skal oppdage glede av å lese bøker, og at dette skal vere noko dei kan ta med seg videre i livet.

Det er naturleg å trekke inn estetiske fag på turane våre, og då kan me t.d. bruke naturmateriale både til å lage noko og til å dramatisere eit eventyr eller ei forteljing. Det å kunne gå inn i ulike roller er med på å utvikle leiken til barna, og der er det viktig at dei vaksne er gode rollemodellar og vågar å utfordre seg sjølv. Fantasi og kreativitet blir stimulert av dei moglegheitene naturen gjer. Ingen andre miljø gjer like gode sansemotoriske utfordringar og like stort mangfold av moglegheiter som naturen gjer. Naturen er dermed ein god arena for utvikling på mange områder.

Med naturen som leikeplass vil me bruke nærområdet vårt aktivt. Ein vil sjå ein prosesjon ut frå alder der dei minste startar si utforskning på uteleikeplassen. Deretter vil ein utforske nærområdet i bygda før ein utvider turane til andre turmål i kommunen vår.

## Småbarnsavdelingane:

- Dei minste skal aller først bli kjent på uteleikeplassen vår, før dei utforskar turstiar og turplassar i nærmiljøet.
- Dei minste går turar til f.eks. Ritellet, garden, rundt sjukehusparken, båthavna og til lavvoen.
- Dei minste tar del i utelivet på sin eigen måte og i sitt eige tempo, og me legg til rette og tilpassar utetida etter barnet sitt behov.

## Dei store avdelingane:

- Utforskar nærmiljøet på Valen og blir kjent med turmål der.
- Dei større barna går lengre turar til f.eks. Hatlane, lavvoen, Tarzanløypa, Mjukesteinen, Teigadalen og Svartatjødna.

## Bussturar:

- Med minibussen får me mange mogelegeheter til å utforske ulike turmål i heile kommunen.
- Me kan kører til Fatlandsskogen og Toftåsen på Halsnøy, Steinparken og Baroniet i Rosendal, Trollskogen på Sunde, Handelandsdalen, Husnesparken mm.



# Progresjon

Progresjon er framgang og utvikling. I Eventus Valen barnehage legg me til rette for varierte aktivitetsmoglegheiter som bidrar til progresjon for barna. Utifrå det grunnleggjande synet vårt på barn tar me omsyn til barna sine individuelle behov for tilpassing og sitt eige tempo for utvikling. Utvikling og progresjon i småbarnsalderen er ein samanheng mellom å tileigna seg kunnskap og lære seg ferdigheitar. Det er store individuelle forskjellar på når barna når milepålar og når dei er klare for ny læring, derfor gjer me passe utfordringar som gjer ein naturleg progresjon og ikkje minst følelse av å meistre. Me passar på at barna får meistringsoppleving, samtidig som dei har noko å strekka seg etter. Etter kvart som dei blir eldre og får meir kontroll på motorikken, vil dei sjølv oppsøkje meir utfordrande områder på leikeplassen. Progresjon handlar om å strekke seg til noko; småbarn -> mellombarn -> store barn -> skulekameratar. I Eventus Valen barnehage vil me arbeide for å klargjere og hjelpe barna videre til det neste steget i barnehagekvelden.

For å kunne sikre progresjon i barnehagen har ein engasjerte og faglege tilsette, som kjenner alle barna godt og som dermed legg til rette for utvikling og framgang for både det einskilde barnet og barnegruppa. I val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiell og utforming av det fysiske miljøet, observerer me barna, kva dei meistrar og kva dei viser interesse for og meistre. Undervegs må dei tilsette justere rutinane som gjer barna utfordringar som er tilpassa dei. Progresjonen i satsingsområdet vårt vil vere naturleg utifrå barna sitt alders- og modningsnivå.



# Kosthold og matlagning

*Gjennom medverknad i mat – og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse*

(Rammeplanen, s. 49)

I barnehagen vår serverar me alle måltid, og me har eit varmt måltid i veka, enten inne eller ute. Me lagar òg ulike måltid ute i barnehagen eller me lagar måltid på tur. Me lagar varm mat på bål, og me nyttar stormkjøkken og evt. ei steiketakke til matlagning. Nokre av avdelingane har utefrukost éin dag i veka, der me startar då dagen ute kl. 7.30.

Maten me serverer skal vere eit fullverdig og sunt måltid - kvar dag. Me serverer t.d., skiver og knekkebrød eller havregraut til frukost. Til skivene har me eit variert pålegg; alt i frå ost, fisk, egg og varierte kjøtpålegg. Me har i tillegg grønsaker, som paprika, tomat og agurk til alle måltid. Til grauten har me t.d., frukt, bær eller rosiner attåt.

Me veit at gode vanar vert laga allereie i barnehagen. Det gjeld også ift måltid, mat og kosthald. På småbarnsavdelinga serverar me difor mat med mindre sukker i. Me veit at barn under 2 år bør begrense inntak av sukker. Søtsaker som kaker, iskrem og kjeks serverar me difor ikkje for dei under 2 år. Då lagar me i staden for eit sunnare alternativ t.d., saftis av smoothie. Me begrensar også inntak av sukker på dei store avdelingane då me ikkje serverar søtsaker anna enn faste tradisjonar som t.d., 17.mai og til jul. Bursdagar feirar me utan noko form for servering, men med fokus på barnet med krone, samling, song og leik.

Me føl retningslinjene i heftet "Søt nok frå før", som er eit verktøy me nyttar for å finne gode, sunne alternativ til mat med sukkerinnhald. Me føl også kosthaldsråda frå Helsedirektoratet.



Måltidet handlar om så mykje meir enn maten som skal etast. Maten er sjølvsgart i hovudfokus med gode og varierte smaksopplevelingar, men me vil også legge til rette for ei trygg og god ramme rundt måltidet. Dette gjer rom for den gode praten, ein god diskusjon og eit måltid prega av inkludering, gode relasjonar og tryggleik. Me er også opptatt av at barna skal lære at me kan nytte oss av naturen. Me haustar plommer og eple frå eigen hage om hausten. Me plukkar også td., blåbær, bjørnebær og bringebær på tur som me kosar oss med, og slik lærar me ungane at bær er sunt og godt. Barna skal få vere med og laga maten me et. Det kan t.d., vere å skjære/kutte opp pølse, hauste inn bær/vekstar, måle opp vatn og mjøl i et desilitermål eller finne ved til bålet.

Me har ein liten kjøkkenhage som me dette året ønsker å få opp å gå igjen. Der kan me plantar poteter, gulrot, jordskokk o.l.

#### Hos oss får barna ...

- ... moglegheit til å etablere sunne og gode matvanar
- ... oppleve vegen frå jord til bord
- ... eit variert og sunt kosthald
- ... eit måltid som skal opplevast positivt og trygt



# Berekraftig utvikling i vår barnehagekontekst

## Sosial og kulturell berekraft

Dette handlar om å sikre sosiale rettighetar, sikkerheit og gode levekår - og like rettighetar for alle, uansett sosial klasse, kjønn, etnisitet, religion og kulturell bakgrunn.

### Barna skal ...

- ... få moglegheit til å etablera vennskap og oppretthalda vennskap.
- ... oppleva tilhørsle og fellesskap, og eit engasjement for fellesskapets beste.
- ... oppleva lik rettighet uansett kva bakgrunn ein har, og utjamning av sosiale forskjellar.
- ... bli sett, høyrt og bekrefta på alle førelsane. Også dei vanskelege førelsane.
- ... oppleva nulltoleranse mot mobbing og utestenging.

### For å oppnå dette skal personalet ...

- ... legga til rette for leik og leik i grupper.
- ... legga til rette for opplevingar kor barna opplev tilhørsle og fellesskap. T.d. å gå turar ilag i si gruppe.
- ... vera bevisst eigne haldningar og åtferd. Personalet skal vere profesjonelle og skal møta alle barn med same verdisyn.
- ... anerkjenne, gyldiggjere og bekrefte førelsane. Personalet skal ta ansvar for situasjonen og bære den.
- ... utove nulltoleranse mot mobbing og utestenging. Personalet skal aktivt sørge for at barna opplev at kvardagen i barnehagen er prega av tryggleik og gode relasjonar.

## Økonomisk berekraft


Dette handlar om barna si tidelege forståing av økonomi, forbruk og pengeverdi

### Barna skal ...

- ... lære om forbruk, sparing, fordele godar og skape verdiar.
- ... lære å ta vare på leikene i barnehagen.
- ... dyrke grønsaker og hauste dei.
- ... lære at ein kan bruke gjenbruksmateriale i aktivitetar.
- ... lære seg om matsvinn.

### For å oppnå dette skal personalet ...

- ... lære barna om forbruk og sparing. Me kan teikne på begge sider av arket, me lar ikkje vatnet stå og renne og dei vaksne fyller vatn på barna sine drikkeflasker.
- ... rettleie barna i handtering av leiker. Setje grenser for barna når deiøydelegg.
- ... legge til rette for å dyrke grønsaker i barnehagen slik at barna får erfare at eit frø blir til ei tomat, sukkererter etc.
- ... Vurdere mengda av mat, slik at ikkje matsvinnet blir for stort.



## Økologisk berekraft

Dette handlar om utdanning i naturen, og ser me det i samanheng med barnehagen som lærande organisasjon handlar økologisk berekraft om barna sin leik og utforsking i naturen.

### Barna skal ...

- ... lære å ta vare på naturen.
- ... oppleve at naturen gjer oss glede og tilhørsle.
- ... lære å hauste frå naturen og oppleve prosessen frå jord til bord.
- ... få ta del i heile matprosessen, og slik få styrke sitt eige matmot.

### For å oppnå dette skal personalet ...

- ... lære barna at me ryddar boss når me er i naturen og at me kjeldesorterer.
- ... legge til rette for gode og positive naturopplevelsingar.
- ... saman med barna hauste frå naturen, og nytte det som vert hausta til t.d. å lage syltetøy.
- ... legge til rette for at barna tar del i heile matopplevinga og oppfordre barna til å smake.



## Godt styresett

Dette handlar om berekraftig leiing, og er både politisk og kulturelt betinga. Dersom me ser det i samanheng med barnehagen sitt verdigrunnlag, famnar dimensjonen i stor grad barn sin rett til medverknad, men også barnehagen sin berekraftige leiing og arbeidsmåtar.

### Barna skal ...

- ... få vere med og påverke sin eigen kvardag i barnehagen.
- ... bli lytt til, hørt på og får ei oppleving av at dei har ei tyding for det som skjer i kvardagen i barnehagen.
- ... ha tyding for fellesskapet i barnehagen.
- ... bli anerkjent for den dei er.
- ... få utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar i samspel med andre menneske.

### For å oppnå dette skal personalet ...

- ... ta barna på alvor, lytte til dei og vere oppmerksame på barna sine meininger og uttrykksformer.
- ... personalet skal tilpasse kvardagen til barnets alder, individuelle føresetnader, erfaring, interesser og behov.
- ... hjelpe barnet i utvikling av sjølvkjensla slik at det føler seg betydningsfullt i fellesskapet i barnehagen.
- ... anerkjenne barna som individ med tankar, følsar og intensjonar.
- ... samtale om normer for samhandling, og la barna få vere med og utforme normer for samhandling i fellesskap.



# Lokale satsingar

## Trafikksikker barnehage

Eventus Valen barnehage er godkjend som ein Trafikksikker barnehage. Trafikksikker barnehage er eit konsept som er utarbeidd for å sikre at trafikktryggleiksarbeidet til barnehagen oppfyller krava i lover og forskrifter. Barnehagen har ansvar for tryggleiken til barna, og det er mange måtar å knyte trafikkopplæring til arbeidet vårt i barnehagen.

Barnehagen gjennomfører jamlege risikovurderinger knytt til trafikksikkerheten ved barnehagen sin parkeringsplass og trafikk utanfor barnehagen sitt området.

### Trafikkopplæringa i barnehagen vår:

- Barna brukar refleksvestar når dei er på tur ute i trafikken.
- Barna lærer trafikkreglane for fotgengjarar.
- Barna lærer å bruke sansane sine i trafikken.
- Barna lærer å bruke bilbelte, sykkelhjelm og refleks.
- Dei vaksne er rollemodellar og har ansvar for at barn utviklar evne til refleksjon og risikoforståing, t.d. når ein skal gå over vegen.
- Barnehagen har i nært samarbeid med foreldra hovudansvaret for å lære barna korleis dei skal opptre som fotgengjarar i trafikken, og for å gjere dei klare til å ferdast på skulevegen.
- Trafikksikkerheit blir tatt opp med foreldra på foreldremøte kvar haust.



## Tidleg innsats

Kvinnherad kommune har tilsett ein spesialpedagog i ulik prosentstørrelse i alle barnehagar utifra størrelsen på barnehagen, og i vår barnehagen har me ein spesialpedagog i 60 % stilling.

Bakgrunn for dette er St.melding 6, 2019/2020 Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap/Kompetanseløftet og Barnehagelova §31

### Mål for prosjektet er:

- Barn som treng ekstra støtte skal tidleg få den sosiale og pedagogiske hjelpa i eit inkluderande fellesskap, jfr Kompetanseløftet.
- Hjelpa skal så langt det lar seg gjera vera ein del av det ordinære barnehagetilbodet for å unngå at barn blir gjort spesielle.
- Heva kompetansen til personalet på korleis arbeide med spesialpedagogisk hjelp i det ordinære barnehagetilbodet.
- Heva kompetansen på tidleg innsats , inkluderande fellesskap og førebyggjande arbeid i barnehagen.
- Barnehagar som gir lik moglegheit og utvikling for alle barn, uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnadar.
- Styrka tverrfaglege samarbeid.



## Solidaritetsarbeidet vårt

Barnehagelova § 1 seier at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet, åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet. Desse verdiane er forankra i menneskerettane. Med bakgrunn i dette har me kvart år eit solidaritetsarbeid i samarbeid med FAU der me samlar inn pengar. Eventus barnehagar er med og støtte eit prosjekt i Malawi, der dei har vore med i oppbygging av ein skule i Neno. Eventus vil fortsetja og vere støttespelarar til prosjektet med drift av skulen, deriblant lønn til lærarane, utstyr, servering av mat og oppstart av eit nursery. Dette prosjektet vil me vere med å støtte i år.

«I dag hjelper me andre som treng det –  
i morgen kan det være me som treng  
hjelp».





# Overgangar

## Når barnet startar i barnehagen

Når barnet startar i barnehagen for fyrste gong er det ein milepåle i livet deira.

### For at barnet får ein god og trygg start i barnehagen gjør barnehagen dette:

- Før sommaren har barnehagen foreldremøte med foreldra til dei nye barna som skal starte.
- Me inviterer dei nye barna på besøk i god tid før oppstart, for at barna skal bli kjent med avdelinga og barnehagen. Dei kjem på besøk fleire gonger før dei startar tilvenninga.
- I samarbeid med føresette gjør personalet starten god og trygg.
- Tilpassar rutinar og organiserer tid og rom, slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.
- Har tett oppfølging den fyrste tida, slik at barnet opplever tilhørsle og føler at det er trygt å leike, utforske og lære.
- Nokre barn treng lenger tid enn andre med å bli kjent, og dette er det viktig å ha ein god dialog med føresette om.
- Har oppstartssamtale med føresette i løpet av den fyrste tida etter oppstart.

Eventus Valen barnehage har utarbeida ein rutine som føresette får tilsendt i god tid før oppstart. Her er det laga ein plan på korleis barnehagen ynskjer at tilvenninga i barnehagen skal vere. Dette er eit godt hjelpemiddel for ei god tilvenning i barnehagen. Me ser på foreldra som ein ressurs i tilvenningstida, og ynskjer at foreldra har tid til ei veke i lag med oss for å gjere barnet trygt hjå oss.

## Overgangar i barnehagen

I barnehagen skjer det overgangar frå liten, mellom og til stor avdeling. Då går dei frå ei småbarnsavdeling til ei mellomavdeling, og til slutt over til ei storbarnsavdeling.

### Når det er overgangar i barnehagen:

- Sørgjer personalet for at overgangane blir trygge og gode for både barna og føresette.
- Sørgjer personalet for at barnet får tid og rom til å bli kjende med dei andre barna på avdelinga og nytt personale.

I forkant av overgangen til ei ny avdeling har me i Eventus Valen barnehage ein god plan for korleis denne overgangen skal vere. Den er eit godt verktøy for oss når me skal flytte barn til ein annan avdeling, slik at me sikrar at barna får ein god og trygg overgang.

- I løpet av året går me på besøk til kvarandre, og har aktivitetar på tvers av avdelingane.
- Utvekslar informasjon om barna som skal bytte avdeling for å sikre ein god overgang.
- Me tar omsyn til at barna får venner med seg over til ny avdeling.

## Overgang barnehage – skule

Kvinnherad kommune sin rutine for overgang barnehage – skule ”Trygg og god skulestart” er retningsgivande for den enkelte barnehage og skule, og er med å gje det einskilde barn ein trygg og god overgang. Me har samarbeidsmøte med Valen skule kvar haust der me planlegg samarbeidsaktivitetane.

### Barna skal ...

- ... få oppleve ein god avslutning på siste året i barnehagen.
- ... få ta del i opplegg for skulekameratane i barnehagen.
  - Turar, aktivitetar og skuleførebuande aktivitetar.
- ... få ta del i aktivitetar i samarbeidet mellom barnehage – skule.
  - Leik på skuleområdet, turar og aktivitetar i lag med fadrane og skuleførebuande aktivitetar på skulen.
- ... lære seg å lytte og ta imot beskjedar.
- ... få interesse for tal, bokstavar og omgrepssforståing.
- ... bli kjend med og glede seg til å byrje på skulen.
- ... få god sjølvkjensle og tru på eigne evner.

### For å oppnå dette skal personalet ...


- ... vere bevisst på barnas sjølvstende, som av- på kledning, toalett, hygiene.
- ... vere bevisst på barna sin sosiale kompetanse slik at dei er rusta til å møte skulen og livet.
- ... vere kjend med planen «Trygg og god skulestart».
- ... gjennomføre overføringssamtale med skulen etter samtykke frå foreldra.



# Årshjul

## Eventus Valen barnehage

### 2024 - 2025



Notata

Notata

Notata

Notata

